

# FBA1-4 Fritidsbåtforsikring

Gjeld frå 01.08.2012



## Innhald:

1	Kven forsikringa gjeld for	Side 2
2	Forsikringstid	Side 2
3	Panthavar	Side 2
4	Kvar forsikringa gjeld	Side 2
5	Kva forsikringa omfattar	Side 2
6	Kva skadar som vert erstatta, og kva avgrensingar som gjeld.	Side 2
7	Endring av risiko og sikringskrav	Side 5
8	Forsikringsverdi og forsikringssum	Side 5
9	Skademelding og skadeoppgjær	Side 5
10	Eigendel	Side 6
11	Skjønn	Side 6
12	Korttidsforsikring og tilbakebetaling av premie.	Side 6
13	Retts hjelp	Side 6

**Møretrygd - forsikring med lokal forankring**

## I tillegg til desse vilkåra gjeld:

Forsikringsbeviset med gitte spesifikasjonar  
Generelle vilkår  
Forsikringsavtalelova av 16.juni 1989 (FAL)  
I den utstrekning den ikkje er fråveke i vilkåra.  
Forsikringsbeviset med gitte spesifikasjonar  
gjeld føre vilkåret.

### 1. KVEN FORSIKRINGA GJELD FOR

Forsikringa gjeld for den som er nemnt i forsikringsbeviset og ein kvar rettmessig brukar/ førar av fartøyet, også når båten vert utleigd. Forsikringstakar må ha vanleg bustad, eller for næringsdrivande, ha hovudsete eller filial i Noreg. Registrert båt skal vere registrert i Noreg.

Handlingar og forsøming frå den som med sikra eller eigarens samtykkje er ansvarleg for båten, får same verknad for sikra sine rettar som om handlinga eller forsøminga var gjort av sikra sjølv.

### 2. FORSIKRINGSTID

Forsikringa trer i kraft på avtala tid, men tidligast når den er notert av Selskapets representant, ved kjøp tidlegast når kjøparen overtek den økonomiske risikoen.

Forsikringa gjeld ikkje etter eigarskifte. Likevel gjeld forsikring som er i kraft på overdragingstidspunktet i 14 dagar for ny eigar, men gjeld ikkje der den nye eigaren har teikna eiga forsikring.

### 3. PANTHAVAR

Går det fram av forsikringsbeviset at forsikringa er utvida til å omfatte andre som har økonomisk interesse i at båten ikkje vert skada eller går tapt, gjeld også forsikringa for den som mottar særskilt skriv om dette frå Selskapet.

### 4. KVAR FORSIKRINGA GJELD

Forsikringa gjeld i Noreg, Sverige, Danmark, Finland og i desse lands farvatn ut til 12 nautiske mil frå grunnlinja. Kattegat og i Skagerak aust for ei linje trekt mellom Lindesnes og Hirtshals. Austersjøen og Bottenvika nord for ei linje trekt mellom Får og Russar.

I tidsrommet 01.05 til 31.08 også i Belgia, Færøyane, Irland, Nederland, Storbritannia, Tyskland og i disse lands farvatn ut til 12 nautiske mil frå grunnlinja – nord for 45. breiddegrad, Engelske kanal og Irskesjøen. I same tidsrom omfattast også Nordsjøen sør for 63 grader nord og øst for 8 grader vest.

### 5. KVA FORSIKRINGA OMFATTAR

I staden for FAL paragraf 6-1 gjeld:  
Dersom det går fram av forsikringsbeviset omfattar forsikringa:

#### 5.1 Ansvarsforsikring

Ved ansvarsforsikring svarar Selskapet for erstatningskrav mot sikra som rettmessig eigar, brukar eller førar av den forsikra båt kan pådra seg etter reglane i dette vilkår. Sjå pkt 6.1.1 – 6.1.4

#### 5.2 Båtskadeforsikring (kaskoforsikring)

Ved båtskadeforsikring omfattar forsikringa innanfor avtala forsikringssum, gjenskaffingsverdien etter reglane i pkt 6 for:

- skrog med motor/segl som nemnt i forsikringsbeviset.
- lausøyre som har naturleg samanheng med båten sin bruk eller utstyr om bord i båten, tilbehør og reservedeler.
- radio, musikk/bildeanlegg, som er fastmontert/montert i tjuverikassett. Dekninga er avgrensa til kr 10.000,-  
Sjå pkt 6.2

Ut over avtalt forsikringssum for båten omfattar forsikringa personleg lausøyre som enten er om bord, mellombels er brakt i land, eller er på veg til eller frå båten, avgrensa til kr. 20.000,-

#### 5.2.1 Transport av skada båt

Ved erstatningsmessig skade, vert også rimelege kostnader til transport til nærmaste reparasjonsverkstad som kan foreta

reparasjon dekt, eventuelt midlertidig reparasjon av skada båt/ tilbehør som er krav før båten kan flyttast

#### 5.2.2 Båttredning

Ved avtale om båtskadeforsikring vert også dekt rimelege utgifter til slep til nærmaste trygge fortøyingsstad etter eit uhell/skade som har skjedd brått og uventa, og som gjer at båten ikkje kan seglast/ køyrast vidare, og rimelege utgifter til heimreise/reise vidare eller opphald vert dekt med inntil kr 20.000,-

#### 5.2.3 Berging

Ved avtale om båtskadeforsikring, vert det dekt kostnader til berging når båten er utsett for de farar som forsikringsavtalen omfattar.

#### 5.3 Førar og passasjerulykkesforsikring

Sjå eige vilkår for ulykkesforsikring

#### 5.4 Rettshjelpforsikring

Sjå pkt.13

#### 5.5 Maskinskadeforsikring for innanbords hovudmotor med gir, aksling, propell/hekkagregat eller tilsvarande.

Dersom det er nemnt i polisen Sjå pkt.6.3

### 6. KVA SKADAR SOM VERT ERSTATTA OG KVA AVGRENSNINGAR SOM GJELD

I forsikringsbeviset går det fram kva delar av dette punktet det er inngått avtale om.

#### 6.1 Ansvar, sjå pkt 5.1

##### 6.1.1 Kva ansvar selskapet erstattar for og kva avgrensingar som gjeld

Selskapet svarar for erstatningsansvar som den sikra i eigenskap av eigar av den forsikra båten etter gjeldande rett kan pådra seg for skade på ein annan person eller ting, samt for tilsvarande ansvar som rettmessig brukar eller førar av båten i denne eigenskap pådreg seg.. Handlinga som skjer etter at forsikringstida er ute.

Kostnader til fjerning av vrak når slik fjerning er pålagt av offentleg styresmakt. Det er ein føresetnad at båten har vore utsett for dei farar som forsikringsavtala omfattar.

Selskapet svarar ikkje for følgjer av ei skadevoldande handling som skjer før forsikringa trådde i kraft. Er skade skjedd ved forsøming, reknast ansvaret i tvilstilfelle som skjedd den dag den forsømte handling seinast måtte ha skjedd dersom skaden skulle ha vore unngått.

Ansvar som på grunn av tilsagn, avtale eller tenesteforhold fell utanfor det alminnelege – ikkje kontraktmessig – erstatningsansvar, er unnatekne.

Selskapet sin høgaste ansvarssum ved ei og same hending er avgrensa til NOK 20 mill.

##### 6.1.2 Selskapet svarar ikkje for erstatningsansvar den sikra pådreg seg:

- for følgjene av ein forsettleg skadevoldande handling av den sikra.
- for skade på eller tap av ting som tilhøyrrer ein annan, men som sikra sjølv eller nokon på denne sine vegne har til rådevelde eller brukar. Ansvar for skade på den forsikra båt med tilhøyrslø, er i alle høve unnatekne for dekning av ansvarsforsikringa.
- overfor medlemmar av sikra sin familie, eller dersom forsikringa er teikna av eit firma – overfor innehavar av firmaet eller innehavarens familie. Til familie reknast ektefelle, sambuar, foreldre, søsken, barn og barn si ektefelle/sambuar. Selskapet svarar heller ikkje for ansvar overfor medeigarar for skade på ting som vert eigd i fellesskap, eller som vert disponert av sikra eller overfor mor/ dotterselskap, eller overfor selskap eller verksemd i same konsern (jf aksjeloven sin par. 1-2) der eigarinteressene er dei same med 50% eller meir i kvart av selskapa eller der sikra eller denne si familie har meir enn 50% eigarinteresse.

- for skade oppstått under transport av dei forsikra ting.
- for skade oppstått under trening til eller deltaking i regatta for motorbåtar.
- ansvar oppstått medan båten vert brukt i ervervsmessig verksemd, med mindre dette er nemnt i forsikringsbeviset.
- for oppreisning etter lov om skadeserstatning av 13.juni 1969, par.3-5.

### 6.1.3 Den sikra sine plikter ved skade

Vert det reist erstatningskrav mot den sikra, eller det kan tenkjast at eit krav vil bli fremma, må Selskapet informerast utan ugrunna opphald.

Skademelding skal innehalde den sikra sitt fødselsnummer eller organisasjonsnummer. (11siffer)

Når erstatningskrav er fremma mot den sikra eller Selskapet, pliktar den sikra omgåande å gje Selskapet alle opplysningar som har noko å seia for saka si behandling

Sikra må på eiga rekning utføre undersøkingar av tilgjengeleg materiale og på eiga rekning møte ved forhandlingar eller rettegang. Sikra må ikkje utan Selskapet sitt samtykke innrømme erstatningsplikt eller forhandle om erstatningskrav.

### 6.1.4 Behandling av erstatningskrav

Når eit erstatningskrav som er omfatta av forsikringa overstig eigendelen ligg det til Selskapet å greie ut om det ligg føre eit erstatningskrav, forhandle med kravstillaren og om nødvendig prosedere saka for domstolane

Selskapet ber sine egne kostnader ved ei avgjerd av erstatningsspørsmålet sjølv om forsikringssummen vert overskredde. Sjølv om det gjeld kostnader til ekstern advokat og annan sakkunnig bistand vald eller godkjend av Selskapet, betalar Selskapet desse i den utstrekning summen av kostnadene og eventuelle erstatningsutbetalningar overstig eigendelen.

Dersom erstatningskrava dels er omfatta av forsikringa og dels fell utanfor, vert kostnadene fordelt etter partane sine økonomiske interesse i saka. Er Selskapet villege til å forlike saka eller stille forsikringssummen til disposisjon, erstattar ein ikkje kostnadene som seinare kjem til utover det som er fastsett under avsnitt om rettshjelp.

Selskapet betalar sin del av erstatningsutbetalinga og kostnader i den utstrekning summen av desse overstig eigendelen.

Selskapet har rett til å betale erstatninga direkte til skadelidne.

## 6.2 Båtskadeforsikring

### Båtskadeforsikring omfattar erstatning for:

- brann, lynnedslag og eksplosjon, tjuveri og hærverk
- skade som skuldast at båten har vore utsett for samanstått, kantring, senking eller anna brå og uventa ytre påverknad.
- skade på mast/bom ved brot og fylgjene ved dette.
  - skade på båt eller utstyr om bord i båten, tilbehør og reservedeler eller personleg lausøyre som har skjedd under transport forårsaka av ein brå og uventa ytre hending.
  - skade ved uventa brot på ventilar, slange eller motordeler som fører til at båten fylles heilt eller delvis med vatn, men ikkje dersom skaden skuldast frost.

Forsikringssummen kan endrast mot tilleggspremie.

### Båtskadeforsikring omfattar ikkje erstatning for:

- avbrot
- båtsakn
- verdiforringing
- tap av arbeidsforteneste
- ekstra utanbordsmotor, jolle, gummibåt, seglbrett og liknande dersom dette ikkje går fram av forsikringsbeviset.
- bøye med kjetting og moring, eller andre fortøysingsanordningar utanfor båten.

- bukkar, presenningar og anna materiell til bruk under opplag.
- ting av edelt metall, perler, edle steinar, kunstgjenstandar, pels, pengar, verdipapir og liknande og ting meint til forbruk som proviant, brennstoff, maling og liknande. Personleg lausøyre medan båten ligg i opplag.
- skader på ting som skuldast materialtrøtteleik, råte, korrosjon eller anna tæring .
- skade som skuldast eller er ein fylgje av nedbør, frost og issprengning, eller berøring med is. Likevel vert skadar ved berøring av is erstatta når båten ligg fortøyd i boblehamn tilhøyrande marina, båtföreining eller liknande.
- skade som skjer under trening eller deltaking i regatta for motorbåtar.
- skade som skjer når båten vert brukt i ervervsmessig verksemd, med mindre det er nemnt i forsikringsbeviset.
- skade som skjer medan båten er utleigd, dersom dette ikkje går fram av forsikringsbeviset.
- skade som eigar eller den som har ansvaret for fartøyet har voldt forsettleig.
- skade som den sikra eller den som har ansvaret for båten har voldt ved grov aktløyse. Det skal avgjerast med omsyn til skuldgraden og omstende elles om selskapet skal betale noko og i tilfelle kor mykje.
- skade som importør, seljar, reparatør eller transportør er ansvarleg for. Førar sikra sitt krav ikkje fram, og skaden elles er erstatningsmessig, dekkjer selskapet skaden.
- skade på motor, med mindre skaden er ein fylgje av at båten har blitt utsett for brann, lynnedslag, eksplosjon, tjuveri, hærverk, samanstått, kantring, søkking eller brot på mast/bom eller det er nemnt i forsikringsbeviset. Dette gjeld ikkje der det er teikna maskinskadeforsikring.
- skade på segl aleine som skuldast vind, med mindre det er nemnt i forsikringsbeviset.
- kaskoskade på laust utstyr og personlege egedelar med mindre skaden skuldast at båten er blitt utsett for samanstått, kantring, søkking eller brot på mast/bom eller skaden er skjedd under transport til eller frå båten.

## 6.3 Maskinskadeforsikring

Når det går fram av forsikringsbeviset at denne dekninga er avtalt, gjeld følgjande:

Forsikringa er utvida til å dekke skade ved plutselig og uforutsett hending på innanbords hovudmotor med gir, aksling, propell/hekkaggregat eller tilsvarande som er under 15 år på skadedato

Erstatninga vert redusert med 5% for kvart år den skada hovudkomponenten som nemnt ovanfor er over 2 år. Maksimalt fradrag i erstatninga er 50% av skaden.

## 6.4 FØRAR OG PASSASJERULYKKEFORSIKRING

### 6.4.1 Kven forsikringa gjeld for – forsikra

Ein kvar rettsmessig brukar av lystbåten og passasjerar i det høgst tillatne antall som oppheld seg på eller i lystbåten. Føraren og eventuelle passasjerar er å sjå på som forsikra, og erstatninga går til desse eller deira etterlatne.

### 6.4.2 Kven forsikringa gjeld til fordel for

sikra dersom ikkje anna er avtalt, tilfaller dødsfallerstatninga forsikra si ektefelle\*/sambuar\*\*, subsidiært arvingar etter lov eller testament. \*) Med ektefelle er meint den person forsikra er gift med. En person reknast ikkje lenger som ektefelle når det er gjevne bevilling til, eller det er avsagt dom for, separasjon eller skilsmisse. Dette gjeld sjølv om avgjerda ikkje er rettskraftig eller endeleg.

Likestilt med ektefelle reknast registrert partnar jfr. lov om partnerskap av 29. mars 1993. \*\*) Med sambuar er meint person som forsikra har levd saman med i eit ekteskapsliknande forhold, dersom det går fram i Folkeregisteret at vedkomande har hatt same bustad som forsikra i dei siste 2 åra, eller - person som har felles bustad og felles barn med forsikra. Dette gjeld likevel ikkje dersom det på det tidspunkt forsikringstilfellet skjedde, lå føre forhold som var til hinder for at lovleg ekteskap kunne verte inngått. Et sambuarforhold vert sett på som opphøyrte ved utløpet av den dagen partane flytter frå kvarandre sjølv om det ikkje er sendt melding om ny adresse til folkeregisteret.

#### 6.4.3 Begunstigelse

I samsvar med forsikringsavtaleloven kan det oppnemnst ein eller fleire personar som begunstiga. Begunstiga har rett til selskapet sine ytingar ved forsikra sin død.

#### 6.4.4 Kvar forsikringa gjeld

Ulykkesdekninga gjeld i området nemnt i pkt 4.

#### 6.4.5 Kva forsikringa omfattar

Forsikringa omfattar ulykkeskade som råkar den forsikra. Med ulykkeskade er meint skade på kroppen forårsaka ved en plutselig, ytre fysisk hending (ulykkestilfelle) som skjer i forsikringstida. Selskapet dekkjer ulykkeskade på ein kvar rettsmessig brukar av lystbåten og passasjerar i det høgst tillatne antall som oppheld seg på eller i lystbåten. Vert det skada fleire personar ved same ulykkestilfelle, er samla erstatning avgrensa til kr 1.000.000. Erstatninga vil då verte forholdsmessig fordelt mellom dei skadelidne.

#### 6.4.6 Kva skader som vert erstatta

#### 6.4.7 Dødsfall

Dersom ulykkeskaden medfører dødsfall innan eit år, vert det betalt dødsfallserstatning med kr 100.000. Dersom den omkomne på skadetidspunktet verken forsørgja sine foreldre eller hadde barn eller ektefelle/sambuar i live, er erstatninga avgrensa til kr 10.000. Det vert gjort frådrag dersom invaliditetserstatning er betalt for same skade. Døyr den forsikra seinare enn eit år etter at ulykkeskaden skjedde, vert det utbetalt invaliditetserstatning dersom ulykkeskaden ville ha medført varig medisinsk invaliditet. Erstatninga vert rekna ut frå den invaliditet som det vert klarlagt ville ha blitt den endelege dersom sikra hadde vore i live. Dødsfallserstatninga tilfelle forsikra si ektefelle/sambuar, subsidiært arvingar etter lov eller testament.

#### 6.4.8 Medisinsk invaliditet

Døyr forsikra innan 1 år etter skadedagen, vert det ikkje betalt erstatning. Dersom ulykkeskaden har medført varig medisinsk invaliditet innan eit år etter skadedagen, har sikra rett til invaliditetserstatning tidligast 1 år etter skadedagen. Dersom invaliditetsgraden kan forandre seg, kan endeleg oppgjer utsettast i inntil 3 år etter skadedagen.

Oppgjeret skal då basere seg på kva som måtte reknast å verte den livsvarige medisinske invaliditeten ut frå tilstanden på 3-årsdagen. For fullstendig invaliditet vert det utbetalt invaliditetserstatning med kr 200.000. For delvis invaliditet vert det utbetalt ein forholdsmessig del av forsikringssummen.

#### 6.5.0 Spesielle reglar om invaliditetserstatning

**6.5.1** Invaliditetserstatning vert rekna på grunnlag av livsvarig medisinsk invaliditet. Ved fastsettinga av erstatninga vert det ikkje teke omsyn til vedkomande sitt yrke, inntekt eller individuelle anlegg/forhold.

**6.5.2** Graden av invaliditet skal fastsettast etter Sosialdepartementets invaliditetstabell i forskrift av 21. april 1997, del II og del III, men ikkje det øvrige regelverk. Vurderinga skal vere reint tabellarisk. Ved skadefølgje som ikkje er nemnt i tabellen, skal skadegraden settast skjønsmessig på grunnlag av samanlikning med skadefølgjer i tabellen.

**6.5.3** I tillegg gjeld: Ved tap av synet på eit auge når synet på det andre auget manglar, skal invaliditetsgraden settast til 100 %.

Ved redusert syn skal invaliditetsgraden fastsettast på grunnlag av synsevna med beste optiske hjelpemiddel. Ved tap av høyrsel på eit øyre når hørselen på det andre øyret manglar, skal invaliditetsgraden settast til 65 %. Ved redusert høyrsel skal invaliditetsgraden settast skjønsmessig med bruk av veltilpassa høyreapparat.

**6.5.4** Tap av eller skade på kroppsdel eller organ som var fullstendig ubrukbart før ulykka skjedde, gjev ikkje rett til invaliditetserstatning. Dersom ein kroppsdel eller eit organ tidlegare var delvis brukbart, skal det gjerast frådrag når invaliditetsgraden skal fastsettast.

**6.5.5** Tannskade og arr som utelukkande virke vansirande, gjev ikkje rett til invaliditetserstatning.

**6.5.6** Både selskapet og forsikra kan forlange ny fastsetting av invaliditetsgrad når det er gått eit år sidan førre fastsetting. Sjølv om tilstanden framleis kan forandre seg, skal endelig erstatning reknast ut når det er gått 3 år etter skadedagen. Erstatninga skal i så fall fastsettast etter den invaliditetsgrad som må reknast å verte den endelege.

**6.5.7** Samla erstatning for ein og same ulykkeskade kan høgst verte 100 %. Erstatning pr. ulykkeskade kan dermed ikkje overstige forsikringssummen for medisinsk invaliditet.

#### 6.6 Kva avgrensingar som gjeld

**6.6.1** Sjukeleg tilstand/disposisjon eller mein. Når det kan reknast med at sjukeleg tilstand/disposisjon eller mein saman med ulykkeskaden har medvirka til forsikra sin invaliditet, ervervsuførheita eller død, skal dette redusere erstatninga i den grad den sjukelege tilstanden/ disposisjonen eller det tidlegare mein har hatt noko å seia for invaliditeten, ervervsuførheita eller dødsfallet.

#### 6.6.2 Selskapet dekkjer ikkje

Behandlingsutgifter.

- Skade på sinnet åleine, f.eks. sjokk - utan at det samtidig er oppstått lekamsskade. Psykiske skadar vert berre dekt når det samtidig er skjedd ein fysisk skade som medfører livsvarig og erstatningsmessig medisinsk invaliditet. Skade som skriv seg frå annan sjukdom eller sjukeleg tilstand/disposisjon.

- Følgjande sjukdommar eller sjukelege tilstandar som har ført til medisinsk invaliditet, uførheit eller dødsfall, sjølv om ulykkeskade kan påvisast som årsak: muskel- og skjelettsjukdommar, f.eks. lumbago/ischias med eller utan skiveskade/prolaps, spinalstenose, spondylolyse, -listhese, reumatisk eller annen degenerativ skjelettlidning, fibromyalgi, hjerte-/karsjukdommar, nevrosar.

- Skade/sjukdom som skuldast smitte gjennom bakteriar, virus eller annan smittekilde, f.eks. insektsstikk, alle former for hepatitt og sjukdommar forårsaka av Hiv-infeksjon.

- Skade ved forgiftning gjennom mat, drikke eller nyttingsmidlar.

- Skade som skuldast medisinske komplikasjonar oppstått ved undersøking eller behandling av lege, sjukehus eller fysikalsk institutt. Selskapet dekkjer likevel skade som oppstår når den forsikra vert behandla på grunn av ein ulykkeskade som er erstatningsmessig i samsvar til denne ulykkesdekninga.

- Skade som skuldast påverknad av lys eller temperatur. Selskapet dekker likevel skaden når årsaka er ein nødssituasjon forsikra ufrivillig var komen opp i. Forsettlig framkalla skade. Selskapet er likevel ansvarlig dersom forsikra pga. alder eller sinnstilstand ikkje kunne forstå rekkevidda av si handling. Med rekkevidde skal i denne samanheng reknast den umiddelbare følgja av handlinga, nemleg lekamsskaden.

Sjølvmord eller forsøk på sjølvmord. Selskapet dekkjer likevel sjølvmord dersom sikra kan sannsynlig gjere at dette skuldast ei akutt sinnsvirring med ytre årsak - og ikkje ei sinnsliding. Kravstillaren har bevisbyrda for at sjølvmordet eller forsøket på sjølvmord skuldast at den forsikra pga. alder eller sinnstilstand ikkje kunne forstå rekkevidda av si handling. Med rekkevidde, sjå pkt framfor dette. Skade ved deltaking i slagsmål eller forbrytelse.

## 7 ENDRING AV RISIKO OG SIKRINGSKRAV

### Atterhald om å redusere erstatninga eller selskapet sitt ansvar ved endring av risikoen.

#### Kva høve pkt 7 omfattar:

- endring av motorbåt slik at båten sin fart kan overskride den fart som er nemnt i forsikringsbeviset.
- bruk av båten som er i strid med føresetnader som er nemnt i forsikringsbeviset.
- endring av avtala føresetnader for redusert forsikringspremie. Kva føresetnader som er avtala går fram av forsikringsbeviset.

#### 7.1 Vert Selskapet sin risiko for skadar endra i forhold til den avtale som nemnd i forsikringsbeviset, pliktar forsikringstakaren straks å gje melding til selskapet.

Fylgjene av å forsøme å gje selskapet melding om endring av risikoen som ville ha medført ein høgare premie enn den som er avtalt, er:

- ved båtskade vert selskapet sitt ansvar avgrensa til det som svarer til forholdet mellom den premie som er betalt og den som skulle ha vore betalt.
- Ved ansvarsskade har selskapet tilsvarende regressrett overfor forsikringstakaren.

### 7.2 Sikringskrav

Forsikringa er overteken under føresetnad av at sikringskrav til ein kvar tid vert haldne. Har sikra forsømt seg slik at desse ikkje er blitt haldne eller latt vere å sjå til at dei vart haldne, kan rette til erstatning falle heilt eller delvis bort. (jf. FAL par. 4-8)

- Førar født 1.1.1980 eller seinare og som skal føre fritidsbåt med lengde over 8 meter eller som har motor med effekt meir enn 25 HK, skal frå 1. mai 2010 ha båtførarbevis eller dokumentert tilsvarende nautisk kompetanse
- båten skal vere konstruert, utstyrt og vedlikehalden i forhold til korleis den vert brukt, (jfr. Lov om skipssikkerhet av 01.07.2007, forskrifter gitt av offentleg styresmakt, klassifikasjonsselskap eller produsent skal haldast. Dette gjeld bl.a. reglar om:
  - registreringsplikt og plikt til setje på registreringsmerke,
  - fartsområde
  - fart
  - minstealder for førar
  - lanterneføring
  - motorstyrke
  - passasjertal.
- båten skal vere merka med CE- merke og elles dei sertifikat som følgde båten som ny.
- båten skal, når den ikkje vert brukt, vere forsvarleg fortøydd. Det skal vere forsvarleg tilsyn med båt, tilhøyrsløse og fortøyningar. Båten skal haldast lens.
- båt som har skroggjennomføringar under vannlinja, og som er på vatn/sjø i tida frå 01.11 – 31.3 skal på alle slike ha montert stengjekran som skal stengjast når båten ikkje er i bruk.
- under bruk skal utanbordsmotor vere forsvarleg festa til båten.
  - under opplag skal båten til ei kvar tid vere forsvarleg oppstøtta og tildekt.
  - tilhengjar som vert nytta til transport av båten skal vere eigna til formålet, bl.a. med omsyn til styrkje, konstruksjon, festeinnretningar og stabilitet.
  - tilhøyrsløse, personleg lausøyre, utanbordsmotor og utanbordsdrev skal vere låst/bolta fast i båten eller innelåst i båten eller i bygning.
  - laus tilhøyrsløse ut over kr 20.000,- (samla verdi) eller enkeltgjenstandar med verdi over kr 5.000,- skal vere innelåst i bygning medan båten ligg i opplag.
  - båt inntil 4 meter, samt kanoar, kajakkar, oppblåsbare båtar og seglbrett og liknande skal vere forsvarleg fastlåst når dei ikkje er i bruk.
  - når båten er på tilhengjar skal tilhengjaren vere fastlåst til trekkvogna eller til anna fast punkt eller vere sikra med kulelås. Nøkkel skal oppbevarast åtskilt.

- båt med utanbordsmotor med elektrisk startar eller motor over 25 kw (35hk) og båt med innanbordsmotor skal ha minst eit brannsløkkingsapparat når båten er inntil 10 m, og minst to brannsløkkingsapparat når båten er større.
- Dersom det om bord i båten vert anvendt kokeapparat, varmeapparat, kjøleskap og liknande utstyr, eller utstyr dreven med brannfarleg væske eller gass, - gjeld kravet til brannsløkkingsapparat sjølv om båten ikkje har motor. Forskrifter gjeve av offentleg styresmakt, klassifikasjonsselskap, eller produsent skal haldast.
- Brannsløkkingsapparata skal vere godkjende etter Norsk Standard (NS) 3920 og fylle krava til effektivitetsklasse II type ABE
- båt med innanbords bensinmotor skal i tillegg ha fast montert apparat med sløkkemiddel som kan utløysast automatisk. Apparatet skal vere typegodkjend av Det Norske Veritas. Mengda av sløkkemiddel og apparatet sin effektivitet må tilpassast dei rom som skal beskyttast.
- Brannsløkkingsutstyr skal vere i god stand og klar til øyeblikkeleg bruk og må kontrollerast i følgje fabrikanten si tilvising, og minst ein gong kvart år.
- motor og maskinelt utstyr skal til ei kvar tid haldast ved like etter produsent/ leverandør sine forskrifter/ manualar.

## 8 FORSIKRINGSVERDI/FORSIKRINGSSUM

### 8.1 Forsikringsverdi

Forsikringsverdien for båt med tilhøyrsløse vert rekna etter kva det på skadedagen ville ha kosta Selskapet å skaffe tilsvarende – eller i det alt vesentlege tilsvarende – utstyrt båt/del av same merkje, modell, type, årgang, utføring og stand – gjenskaffingsverdien.

Dersom ikkje andre båtar av same merkje, modell, type eller årgang finnes, skal gjenskaffingsverdien vurderast etter kva det på skadedagen vil kosta Selskapet å gjenskaffe ein båt med same eller i det alt vesentlege same bruksområde.

### 8.2 Forsikringssum

Forsikringssummen inngår som grunnlag for premiefastsettinga.

Som forsikringssum for båt med tilhøyrsløse nyttast gjenskaffingsverdien.

**Det er forsikringstakar sitt ansvar å syte for regulering av forsikringssummen.**

### 8.3 Underforsikring

Er forsikringssummen lågare enn forsikringsverdien, erstattast ein så stor del av skaden som svarar til forholdet mellom forsikringssummen og forsikringsverdien.

For personleg lausøyre og tilhøyrsløse med gjeven forsikringssum på førsterisiko, erstattast skaden inntil denne summen.

## 9. SKADEMELDING OG SKADEOPPGJER

### 9.1 Skademelding og redningsplikt m.v.

- når skade er skjedd, skal sikra omgåande gi melding til selskapet, samt gi dei opplysningar og dokumenter som er tilgjengelige og som selskapet treng for å rekne ut sitt ansvar og utbetale erstatning.
- brann-, tjuveri-, hærverk og personskade skal umiddelbart meldast til politiet. Andre skadar skal meldast til politiet dersom selskapet krev det.
- skademelding skal innehalde sikra sitt fødsels- og personnummer (11 siffer) eller bedrifta sitt skattnummer/ føretaksnummer.
- sikra plikter å gjere kva han/ hun kan for å avverje eller avgrense skaden.
- godtgjering for båttredning/ assistanse/ bergelønn eller vrakfjerning må ikkje avtalast utan selskapets samtykkje. Sjølv om slikt samtykkje er gjeve, eller selskapet inngår slikt avtale skjer dette på sikra si rekning og risiko dersom skaden ikkje er omfatta av forsikringa.
- selskapet har ikkje plikt til å betale erstatning før naudsynte undersøkingar er avslutta.

- når selskapet har betalt erstatning, pliktar sikra på oppmoding å overdra dei erstatta gjenstandar fri for hefte.

## 9.2 Oppgjerreglar ved reparasjon.

- Kan skaden reparerast vert reparasjonsomkostningane erstatta . Er det etter selskapet si meining ikkje lønnsamt å reparere dei einskilde delane, skal dei skiftast med likeverdige, eller i det alt vesentlege likeverdige deler. Dersom reparasjon skjer ved innsetting av nye deler, og dei utskifta delane er forringa som følgje av tidligare ikkje utbetra skadar, slitasje, gradvis forringing, korrosjon, konstruksjonsfeil, materialfeil eller liknande gjer selskapet eit skjønnsmessig frådrag for forbetringa. Ved innsetting av nye deler i rigg, vert det alltid gjort minst eit frådrag etter tabellen i pkt 7.3.1

Er ein fullstendig reparasjon umuleg, eller det vil medføre urimelege kostnader i forhold til skadens innverknad på båten sin funksjon eller sjødugleik, avgjer selskapet korleis reparasjonen skal utførast. Ved reparasjon har sikra krav på å få brakt båten i sjødyktig stand. Det kan ikkje krevjast erstatning for tap som følgje av at båten etter reparasjon er forringa i verdi, eller er forringa som regattabåt.

- reparasjon kan ikkje ta til utan selskapet sitt samtykkje.
- selskapet kan avgjere kvar reparasjonen skal gjerast.
- selskapet har rett til å avgjere at reparasjon skal gjerast.
- ein eventuell verdiforinging eller tap av garantiavtale etter fullført reparasjon erstattast ikkje. Reklamasjonskrav på reparasjon må rettast mot verkstaden/repairatør.
- selskapet avgjer om meiomkostningar til overtidsbetaling, flyfrakt, og mellombels reparasjon skal erstattast.
- vert reparasjon gjort utanom verkstad, erstattast arbeidspengar med 50% av normalpris på verkstad.
- investeringsavgift/ meirverdiavgift vert erstatta når slik avgift er komen til, og etter framlagde kvitteringar.

## 9.3 Oppgjerreglar ved kondemnasjon

- Er båten eller delar av den gått tapt, eller reparasjon av skaden etter selskapet sin meining ikkje er lønsam, kan selskapet foreta kontant oppgjer, eller erstatte båten/delen med ein tilsvarande – eller i det vesentlege tilsvarande båt/del.

Ved skader på rigg vert det gjort frådrag i skaden etter riggens alder ut i frå nedanforståande tabell:

Inntil	4 år	0%	Inntil	11 år	35%
Inntil	5 år	5%	Inntil	12 år	40%
Inntil	6 år	10%	Inntil	13 år	45%
Inntil	7 år	15%	Inntil	14 år	50%
Inntil	8 år	20%	Inntil	15 år	55%
Inntil	9 år	25%	Over	15 år	60%
Inntil	10 år	30%			

Det vert ikkje gjort frådrag i demontering/monteringskostnader.

- selskapet avgjer kven som skal ha råderetten over den skadde gjenstand. Dersom sikra beheld gjenstanden, gjerast frådrag for marknadsverdien av denne.

## 9.4 Ting som kjem til rette.

Kjem ting til rette etter at erstatning er utbetalt, har sikra rett til å behalde tingen mot å betale erstatninga tilbake. Sikra må i eit slikt tilfelle gje skriftleg melding om dette til Selskapet innan 21 dagar etter at Selskapet har sendt melding om at tingen er komen til rette, eller slik melding er mottatt frå anna hald. Innan same frist må erstatninga vere tilbakebetalt. I motsatt fall er tingen Selskapet sin eigedom.

## 9.5 Regress

Har Selskapet utbetalt erstatning for dekning av skade som det etter forsikringsvilkåra ikkje svarar for, pliktar sikra eller den ansvarlige å betale beløpet tilbake til Selskapet.

## 10 EIGENDEL

I erstatningsoppgjeret vert det fråtrekt eigendel med kr 4.000,- eller den eigendel som går fram av forsikringsbeviset. Skal erstatninga avkortast eller settast ned etter reglar i vilkåret, skal dette gjerast før frådrag av eigendel.

Når delar /gjenstandar forsikra på vilkår for førsterisiko vert skada eller går tapt samtidig med at båten får skade, vert erstatningsutrekninga slik:

- Etter at skadebeløpet for deler/ gjenstandar inklusive eventuelt aldersfrådrag er fastsett, vert det gjort slik erstatningsutrekning:
  - er skadebeløpet større enn forsikringssummen, og denne forskjellen er større enn eigendelen, skal det ikkje trekkast frå eigendel for skaden på båten.
  - Er skadebeløpet større enn forsikringssummen, og denne forskjellen er mindre enn eigendelen, vert denne rest trekt i frå skaden på båten.
  - Er skadebeløpet for delane/ gjenstandane lik eller mindre enn forsikringssummen, vert dette lagt saman med skadebeløpet for båten og det vert trekt ein felles eigendel.
  - Dersom same skadetielfelle fører til frådrag av fleire eigendelar etter desse reglar, skal det berre trekkjast ein eigendel, den høgste.

## 11 SKJØNN

Forsikringsverdi og skadeannsetting skal avgjerast ved skjønn dersom sikra eller Selskapet krev det. Reglane om skjønn i Generelle vilkår blir då gjort gjeldande.

## 12 KORTTIDSFORSIKRING OG TILBAKEBETALING AV PREMIE

Ved avtala korttidsforsikring – forsikringstid mindre enn 12 månader – reiknast eit premietillegg som tilsvarar premien for 60 dagar ut over den tid forsikringa skal gjelde.

Vert forsikringa avbroten i forsikringstida, gjeld reglane i Generelle vilkår.

## 13 RETTSHJELPFORSIKRING

Rettshjelpsforsikring er inkludert for personleg eigar, rettmessig brukar eller førar etter reglane i pkt 11. Rettshjelpsforsikring omfattar ikkje utgifter ved tvist som har samanheng med sikra sitt yrke eller erverv. Utgifter selskapet dekker:

Selskapet dekker utgifter til advokat, retten, sakkyndige og vitne når sikra er part i tvist i eigenskap av personleg eigar, rettmessig brukar eller førar av den forsikra båten.

Utgifter til sakkyndige som ikkje er oppnemnd av retten vert berre dekt når utgiftene på førehand er godkjent av selskapet. Utgifter til vitne vert berre dekt ved hovudforhandling og bevisopptak.

Idømde saksomkostnader vert ikkje dekt. Rettsgebyr i ankeinstans vert heller ikkje dekt. Reglane om anke gjelder også ved bruk av andre rettsmidlar.

Tilkjende saksomkostnadar går til frådrag. Likevel vert slike saksomkostningar dekte når sikra kan godtgjere at motparten ikkje er søkegod.

Twisten må høyre inn under dei alminnelige domstolar og ha oppstått medan forsikringa var i kraft. Tvist oppstått etter at forsikringa har opphørt å gjelde vert dekt også når den grunner seg på hendingar som oppstod medan forsikringa var i kraft, dersom tvisten ikkje vert dekt av anna rettshjelpsforsikring.

Rettshjelpsutgiftene vert ikkje dekt dersom den sikra på det tidspunkt forsikringa vart sett i kraft var kjent med det som seinare vart tvistegrunnlag og forsto eller måtte forstå at tvisten kunne oppstå. Utgifter til førebuing og behandling for særdomstolar vert ikkje dekt.

Tvist etter at båten er selt.

Dersom den forsikra båten er selt, og forsikringa opphøyrd i forbindelse med salet, dekkes likevel tvist der sikra er part i eigenskap av tidligare eigar.

Den samla erstatning ved kvar tvist er avgrensa til kr.100.000,- sjølv om det er fleire partar på same side. Dette gjeld også om partane har rettshjelpsforsikring i forskjellige selskap.

For rettshjelpsforsikringa vert det i tillegg til standard eigendel kr 4.000,- trekt 20% av det overskytande. Det vert trekt berre ein eigendel sjølv om det er fleire partar på same side.

#### **Utgifter selskapet ikkje dekker**

Selskapet dekker ikkje utgifter ved:

Tvist som har samanheng med sikra sitt yrke eller erverv.

Tvist som gjeld krav om bergelønn framsett av sikra

Tvist som gjeld arv, budeling og oppløysning av sameige etablert av sambuande samt skiftesaker.

Tvist som åleine høyrer inn under namsmann/namsretten.

Tvist som gjelder vekselsak, inkassosak der fordringa ikkje er påklaga., og sak som gjeld konkurs- eller akkordforhandling dersom sikra er konkurs eller akkordskuldnar.

Straffesak, ærekrenkingssak og erstatningskrav i slike saker.

Tvist som gjeld offentleg forvaltningsvedtak. Likevel vert det dekt utgifter ved søksmål når den administrative høve til klage er fullt utnytta. I tilknytning til søksmål er ei kvar utgift ein pådreg seg under forvaltningshandsaminga unnateke frå dekning.

#### **Andre reglar om rettshjelp**

Vil sikra søkje advokat i tvist som forsikringa femner om, skal selskapet underrettast på førehand. Dersom selskapet og den sikra har felles interesse i utfallet av tvistens, bestemmer selskapet kva advokat som skal nyttast. Det same gjeld når juridisk bistand utanfor Noreg er naudsynt. Elles velgjer sikra sjølv ein advokat som høver etter oppdraget, saka si art og sikra sin bustad.

Sikra pliktar å avgrense utgiftene til rettshjelp mest mulig og skal søkje fri rettshjelp, fritt rettsråd og andre offentlige rettshjelpsordningar, dersom det ikkje er på det reine at slik støtte ikkje vil verte gjeve.

Sikra bær sjølv kostnadar som oppstår utan rimelig grunn eller som er uforholdsmessig store i høve til sikra si interesse i saka. Der det er fleire partar på same side, skal det ved vurdering takast omsyn til at partar som tek i vare likearta interesser, og som ikkje står i strid med kvarandre, bør nytte same juridiske og tekniske bistand. Selskapet kan krevje å verte haldt underretta om omfanget av dei utgiftene som vert kravd dekt av forsikringa. Spørsmål om utgiftene er rimelege kan laggast fram for Den Norske Advokatforeining

Selskapet kan elles kreve at sikra krev salæret fastsett av retten i samsvar til tvistemålslova sin paragraf 52.